

Reiselivsgruppa – referat

Kontaktpersonar:

Frøydis Akse, mobil: 48194998, froydis@fjordavind.no

Linnéa Holsen Meier, mobil: 949 76 285, linnea.holsen.meier@hyllestad.kommune.no

Hotel Sognefjord, 18.09.2024 kl. 19:00 – 21:00
Deltakarar: Marita Solheim, Arne Dale, Kjell Eide, Oddvar Hatlem, Linnea Holsen Meier, Frøydis Akse, Ole Sognnes, Anne Berit Garnes, Marita Kverhellen, Erna Bråstad, Anne-Lise Undredal
Møteleiar: Frøydis Akse
Referent: Linnéa Holsen Meier

Velkommen!

Reiselivsgruppa har som mål å samle næringa for å kunne gripe tak i felles problemstillingar og utfordringar. På denne måten vert ein godt kjende med dei ulike aktørane, og kan framsnakke lokale produkt, arrangement, overnattingsmoglegheiter og andre tilbod, og at alle desse tilboda til saman gjer kvar og ein sterkare. Gruppa ynskjer å framme at samarbeid gjev vekst og utvikling, og styrkar føresetnadene for å drive innan reiseliv/besøksnæringa i Hyllestad.

Program	
19:00	Fjordkysten og Sunnfjord "Vegkart for reiseliv, Fjordkysten og Sunnfjord 2025-2030" - Status og innspel v/ Marita Solheim .
19:30	Fjordkysten og Sunnfjord: Evaluering av sommarsesongen, inkl. Pilotprosjekt i Hyllestad v/ Marita Solheim .
20:00	Oppdatering på prosjekt for berekraftig besøksforvalting Hyllestad Kommune v/ Frøydis Akse .
20:15	Oppdatering frå Nøkkelstadgruppa (Kystpilegrimsleia) i Hyllestad v/ Frøydis Akse
20:30	Status LivOgLyst-prosjekta, 5 min frå kvart prosjekt.
20:45	Val av ny leiar av Reiselivsgruppa.
20:55	Ymse.


Fjordkysten og Sunnfjord: "Vegkart for reiseliv, Fjordkysten og Sunnfjord 2025-2030" - Status og innspel - Marita Solheim

Fjordkysten og Sunnfjord har i sommar jobba med «Vegkart for reiseliv 2025-2030», som no er til høyring. Sjå dokumentet [her](#). Ein kan komme med innspel og tilbakemeldingar på dokumentet innan **25. oktober 2024**, ved hjelp av det elektroniske skjemaet som ligg på same side som nedlastinga av dokumentet.

Kommunane er spesielt oppfordra til å gi tilbakemelding, for å få felles mål og hovudsatsingar innanfor reiselivsnæringa. Utgangspunktet for å ta ei revidering er fordi det har skjedd mykje nasjonalt. Spesielt regjeringa har peikt på transportnæringa som ein eksportsatsing, med rammebetingelsar og makrosatsingar.

Treffe dei sju hovudsatsingane i dokumentet Hyllestad som destinasjon dei neste seks åra?

Dokumenter er overordna, men ein må bli einig om ei retning, ein strategi og handlingsplan. Dette forumet er viktig for tilbakemelding og input.



Tilbakemelding frå gruppa:

- Etterspør ein handlingsplan og tiltak for å få det til innanfor dei ulike satsingsområda. Det kjem. Overordna mål er å få eit heilårleg reiseliv.
- Viktig at ein kan legge til rette for å få kontakt med lokalbefolkninga. Det er mangel på overnatting i vinterhalvåret i Hyllestad.
- Mange bustadar i Hyllestad vert leigd ut på Airbnb.
- Opplevingsradiusen. Ein bør legge til rette for bevegelsen frå plass til plass i kommunen. Det er ei utfordring.
- Mange campingbilar kjem til Hyllestad, men plassera seg på plassar dei ikkje treng å betale.
- Ein må vurdere opplevingar i Hyllestad som vi vil skjerme og halde for oss sjølv.
- Hyllestad har mykje ein kan synleggjere og vise.
- Godkjenninga gjennom UNESCO kjem snart. Då er vi i verdsbiletet. Ein kan bruke og utnytte den sertifiseringa. Det vil gi ein legitimitet til kva vi er som reisemål og forsterkar bodskapen og posisjonen vår.
- 71 grader nord programmet vise tur på Lihesten, då kan ein bruke det til å promotere Hyllestad som destinasjon.

Fjordkysten og Sunnfjord: Evaluering av sommarsesongen, inkl. Pilotprosjekt i Hyllestad - Marita Solheim

Oppdatering på pilotprosjektet med shuttlebuss i sommar: totalt 1 bestilling. Lagde turbeskriving frå to konsept: tur til Lihesten og «Arven frå vikingtida». Gjort mykje for å få det «bookbart», men var mykje styr i starten. Ein svakheit: booke båt og buss separat. Burde vert ein moglegheit for å booke alt i ein billett. Fine promoteringsvideoar, men lite synleg.

Etterspør meir samarbeid og koordinering mellom aktørar, tenke på heilheita. Det vart lagd gjenbrukbare skilt til bussane, desse kan ein bruke vidare om ein vel å ta det vidare.

Reiselivsnæringa er avhengige av norske turistar, men dei er uforutsigbare.

Alle reiselivsbedrifter i Hyllestad kan bli støtta av Hyllestad Vekst til å få ein promoteringsfilm frå Visit Fjordkysten. Kontaktperson frå Fjordkysten og Sunnfjord tar kontakt med bedrifter for innhald i film.

Oppdatering på prosjekt for berekraftig besøksforvalting Hyllestad Kommune - Frøydis Akse

Fylkeskommunen ynskje at kommunane har ein reiselivsleiing for å få det inn i planarbeidet. Prosjektgruppa kjem til å gå igjennom vegkartet og komme med innspel og få det konkretisert inn i kommunale planar. Skal fortsette å ha møte utover hausten.

Tilbakemelding frå gruppa:

- Tilrettelegging for bubilar for at dei skal bruke og legge igjen pengar.
- Betaling for parkering? Kva skal vi ta betalt for? Organisere det på ein god måte for å vere eit steg forran.
- Toalett. Kvar skal dei plasserast og kven skal drifte.
- Tilrettelegging for båtar, klima og elektrifisering.
- Overfylte bosspann og container. Boss på tur stiar, gjeld alle eksisterande turvegane. Manglande kommunikasjon?
- Bossproblematikk. Kven tar kostnadane?
- Tømme kloakk 300 meter frå land: ferjene og fritidsbåtar. Krav kjem nok frå UNESCO på sikt.
- Er det andre kommunar som har funne gode løysningar som vi kan ta inspirasjon frå?
- Ryddigare profil på alle reiselivsbedrifter og kommunikasjon.
- Må ikkje vere redd for å framsnakke kvarandre, sjølv om ein konkurrerer om besøkande.

Oppdatering frå Nøkkestadgruppa (Kystpilegrimsleia) i Hyllestad v/Frøydis Akse

Nøkkestadgruppa har i sommar gjennomført ein pilot innanfor Kystpilgrimsleia. No veit ein at det går an å gjennomføre, men det må tilretteleggast. Astrid Waage har skrive rapport frå pilotprosjektet, som er sendt til alle medlemmane i Nøkkestadgruppa og Hyllestad Vekst.

Endringar: legge til rette for at vandringa er i ein periode med andre aktivitetar, som for eksempel Sognefjordfestivalen. Må merke stiar og tilrettelegging for parkering. Viktig å få avklart med grunneigar gjennom skriftlege avtalar ift bruk av stiar og parkering, før ein kommersialiserer.

Status LivOgLyst-prosjekta, 5 min frå kvart prosjekt.

Sørbøvåg: Har mange pågåande prosjekt. Grillhytta og turvegen ved hamneparken er ferdig og har vert brukt mykje i sommar. No jobbar dei med å ferdigstille toalettet og klatre-område.

Leirvik: Held på å ferdigstille siste del av turstien til Fossfossen, manglar oppsett av skilt og litt grus. Næringslivet bør ta med fossen i marknadsføringa. Frisbeegolfbana er ferdig og har vert brukt mykje, det same gjeld stolpejakta. Ein bør få inn meir og betre info på skjermen i hamna, då den vert brukt

mykje av besøkande. Betalingsappen «GoMarina» kan brukast for å promotere aktivitetar i område ved å legge inn meir info om Hyllestad.

LivOGLyst i Hyllestad var ikkje representert på dette møtet.

Val av ny leiar av Reiselivsgruppa

Frødis Akse har hatt leiarvervet i 2 år. Det er positivt at leiarvervet rullerer med jamne mellomrom.

Ingen stilte til val under gruppemøte, som betyr at oppgåva går attende til kommunen sin representant i Næringsrådet som er Linnéa Holsen Meier.

Tilbakemelding frå gruppa:

- Linnéa er allereie referent under alle HNR møter, inkludert reiselivsgruppa. Påpeikar viktigheita med at reiselivsgruppa bør styrast av ein person frå næringslivet. At drivkrafta kjem frå reiselivsnæringa i Hyllestad.
- Besøksforvaltning er eit pågåande prosjekt i kommunen, der Linnéa òg sit som medlem i prosjektgruppa. Reiselivsgruppa vil difor vere ein viktig referansegruppe og samarbeidspartnar i det vidare arbeidet.
- Forslag om å lyse ut leiarvervet på HNR sin Facebook-gruppe med beskriving av arbeidsoppgåver og samarbeid med Visit Fjordkysten.
- Ta opp leiarvervet i Styremøte for å få innspel.

Leiarverv i Reiselivsgruppa – arbeidsoppgåver

- Planlegge møter jamnleg, 4 - 5 gongar i året.
- Bestille lokale for møter. Vi synest det er ein fordel å møtast hos dei ulike aktørane/medlemmane, så dette går på omgang.
- Invitere bidragsytarar til møta, dersom det er relevant.
- Sende ut informasjon før/etter møta:
 - o Påmelding
 - o Møteplan
 - o Referat
- Sende ut informasjon til medlemmane når relevant, t.d. spørjeundersøkingar, nyttig informasjon frå Visit Fjordkysten og Sunnfjord, Fjordkysten Regional- og Geopark, eller andre relevante nettverk.
- Kommunikasjon med næringsavd. i kommunen angående tilskot, utarbeide prosjekt i samarbeid med Visit Fjordkysten m.m.

Fordelar:

- Tett samarbeid med Visit Fjordkysten.
- Utgiftene vert dekkja av HNR.
- Tett samarbeid med kommunen.
- Tett på nettverk og næringslivskompetanse/reiselivskompetanse.

Oppsummering og avslutning

Neste møte er planlagt 12.november 2024, meir informasjon kjem.

Innspel til innhald i neste møte:

- Ta inn aktørar/kommunar utanfor som har noko å dele om utfordringar Hyllestad står ovanfor.
- Turistinformasjon i Hyllestad. Kvernsteinsparken vil at det skal endrast, dei står oppført som turistinformasjon. Det er kommunane sitt ansvarsområde. Moglegheit å leige inn Visit Fjordkysten til å drive turistinformasjon. Kva ynskjer vi framover og skal vere tilgjengeleg i 2025. Skal vi gå for ein digital løysning eller fysisk informasjon.
 - Kan ein få tal på kor mange som spør etter informasjon i Kvernsteinsparken?
 - Ha ein infoskjerm som ein kan justere og endre etter behov. Men folk ynskjer kanskje tips og menneskeleg kontakt.
 - Bruke infoskjermer for å desentralisere i kommunen og henvise til bedrifter som finnast og bruke dei som informasjonsspreiarar.

Takk til Hotel Sognefjord for godt vertskap!